

# Årsmelding til Årsmøte for året 2021

Årsmøtedato 25.03.2022

Styret sitt arbeid sidan Årsmøte i 2021 vore:


- Konstituerings møte
- Jaktfeltmøte, «føre jakta» og «etter jakta» møte
- Kontroll av felt hjortevilt
- Kontroll av skrapdyr
- 2 styremøte

I konstituerings møtet vart styret samansett slik:

Leiar	Rolandsen Berge	På val: 2022
Nestleiar	Harald Søvdsnes	På val: 2022
Sekretær	Per Marius Lillehamre	På val: 2023
Kasserar	Audun Sandnes	På val: 2023
Styremedlem/Storviltrep.	Aksel Øren	På val: 2023
Styremedlem	Inge Rolandsen	På val: 2022
1. Vara	Ole Petter Nystøy	På val: 2022
2. Vara	Anders Kjell Øren	På val: 2022
<u>Revisorar</u>	Oddvin Kragseth og Inge Rekdal	På val: 2022
Valnemnd	Eldar Rønnestad	På val: 2022
	Per Berge	På val: 2023
	Ove Olsen	På val: 2024

## Felte dyr

I Hovda Utmarksdrag sitt jaktområde blei det felt 285 dyr, av dette var det 46 skrapdyr.



## Vårteljing

Fyrste teljinga viste 637 dyr og andre teljing viste 625 dyr, totalt 1262 dyr. Mot totalt 927 i 2020.

## Fallvilt

I 2021 har det vore registrert 13 stk. fallvilt i Vanylven, 9 av dei er påkøyrsel.  
11 av dyra er registeret i vårt utmarkslag og 8 av dei er påkøyrde.

## Jaktfeltmøter

Ogso i 2021 vart det arrangert «Føre jakta» og «Etter jakta» møter.

På grunn av ned-stenginga av landet ogso i 2021 valte vi å vente med «Etter jakta» møtet og slå det saman med «Føre jakta» møtet i august . Av di vi ikkje viste kor lenge nedstigninga ville vare og vi hadde ein ny driftsplan som skulle leggast fram før årsmøte før den blei innsendt til kommunen valte vi å ha digitalt årsmøte. Dette blei avhalde på skyttarhuset 30.04. der styret møtte.

Det kom i stand eit møte mellom kommunen og dei 4 utmarkslaga tidleg på året i 2021. Dette omtalte eg i årsmeldinga for 2020 sjølv om det hørde til på årsmeldinga for 2021. Eg meinte det var interessant å få med då i og med at det hadde innvirkning på 2021 jakta. Sidan vi fekk endring i teljande areal må alle grenser tegnast inn i kartet på nytt. Dette blir mykje arbeid og vi vil ha ei eiga arbeidsgruppe med medlemmar fordelt ut over heile utmarkslaget so vi får inn tilstrekkeleg lokalkunnskap. Styret tek sikte på å bli ferdig med dette arbeidet i løpet av denne drift planperioden. Aksel Øren kalla inn alle jaktfelteiarane til informasjonsmøte før jakta i forbindelse med endring i tildelingsprofilen. Vi sette opp vektgrensene for skrapdyr i håp om å få plukka ut ein del av dei minste dyra. Dette førte til høg avskyting på skarpdyr i enkelte jaktfelt og vi i styret har hatt ein del arbeid med kontrollveging. Vi hadde gjerne kunne lite på at alle som melde inn skrapdyr melde inn rett vekt men om ein skal drive seriøst kan det vere greitt å ha ein kontroll å vise til. Vi oppdaga at ein del fjørvekter viste for høg vekt og gjekk dermed til innkjøp av digital vekt slik at vi brukar same vekta på alle dyra. Med so høg avskyting som i år har det naturleg vis og vorte nokre ettersøk, det ser ut som den nye ettersøks ringen fungerer greitt. Det skulle merkast hjort i vårt område i fjord vinter. Det skulle opprettast fôringssplassar og det blei oppretta ein slik fôringssasjon på Storeide. Dei som skulle merke dyra ville ikkje ha med seg kjentfolk og tok heller ikkje kontakt med utmarkslaget eller dei som stod føre fôringa, dermed leitte dei på feil stad og fann ikkje fôringsslassen. Medan dei køyrd rundt og ikkje såg dyr nokon stad kosa hjorten seg med silo i fred og ro. På grunn av kulden avbraut dei merkinga då sterkt kulde blir for stor påkjenning for bedøvde dyr. Dei er no i gang att med merking og har lovd bot og betring når det gjeld å ta kontakt når dei kjem.

Reidun Berge  
Leiar Hovda Utmarkslag